



Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid med søknadsfrist 20. januar 2014

Lever tilskotssøknaden din elektronisk

Det er ei rekke fordelar ved å levere søknaden elektronisk:

- Søknaden er på førehand fylt ut med grunnopplysningar.
- Du kan sjå søknadsdata frå førre søknadsomgang.
- Du kan kontrollere mange av søknadsopplysningane før levering.
- Ein feilfri søknad aukar moglegheita for at du får tilskotet utbetalt ved hovudbetalinga, og ikkje seinare.
- Færre papirsøknadar og betre datakvalitet effektiviserer arbeidet til forvaltninga.

Du kan bruke BankID til innlogging

Du må bruke anten BankID, MinID eller Buypass for å logge deg inn i søknaden din via Altinn på www.slf.dep.no. Du kan ikkje lenger bruke eingongskode frå Altinn-brev. Du kan lese meir om dei ulike innloggingsmetodane her: www.difi.no/elektronisk-id

Endring av kontonummer

Frå og med søknadsomgangen no i januar 2014 har du to alternativ dersom du skal registrere eller endre kontonummeret ditt:

- Du kan bruke eit eige skjema i Altinn der føretak kan registrere eller endre kontonummer som ein brukar i samband med SLF sine ordningar. Gå inn på "Mitt landbruksforetak" i Altinn www.altinn.no/no/Skjema-og-tjenester/Etater/Statens-landbruksforvaltning/Mitt-landbruksforetak og registrer kontonummer der.
- Du kan sende inn "Endringsskjema for kontonummer" (SLF-056) på papir til kommunen. Skjemaet finn du på SLF si nettside www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/dokumentarkiv/skjema

Du får ikkje levert søknaden om produksjonstilskot før føretaket ditt er registrert med eit kontonummer. Dersom du har søkt om produksjonstilskot eller RMP tidligare, vil kontonummeret som blei brukt ved siste tilskotsutbetaling vere registrert.

Kommunen må ha motteke "Endringsskjema for kontonummer" seinast 10. januar for utbetaling av produksjonstilskot etter søknadsomgangen i august, og seinast 10. mai for utbetaling av produksjonstilskot etter søknadsomgangen i januar. Dei same datoane gjeld for endring av kontonummer i Altinn.

Delegering av roller og rettar i Altinn er endra

Somme føretak vel å la andre sende inn søknad om produksjonstilskot på vegne av føretaket. SLF sine tenester i Altinn (blant anna søknad om produksjonstilskot) er flytta over på ny teknisk plattform (Altinn 2). Delegering av roller og rettar er annleis i Altinn 2.

Kva betyr det for deg som skal søke?

- Er du innehavar av føretaket og skal levere den elektroniske søknaden sjølv, har ikkje endringa nokon innverknad.
- Personar som har rolla "Utfyllar/Innsendar" i Altinn, har ikkje lenger tilgang til å logge inn og sende søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Dei som skal søke på vegne av deg, må få rolla "Primærnæring og næringsmidler", eller delegert tilgang til ei teneste, for eksempel søknad om produksjonstilskot.
- Dersom du i Altinn 2 allereie har delegert rolla "Primærnæring og næringsmidler" eller delegert tilgang til ei teneste, så treng du ikkje gjere det på nytt.

Har du spørsmål?

Les i rettleiingsheftet om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid som du finn på www.slf.dep.no under menyen Produksjon og marknad, eller kontakt kommunen din.

Informasjon om aktuell søknadsomgangen finn du på SLF si nettside www.slf.dep.no. Her finn du blant anna: Rettleiingshefte for søknad om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, aktuelle forskrifter og rundskriv, rettleiingsfilmar, samt brukarhjelp til elektronisk søknad.